NYNORSK

Lånekassen




2007–2008

# Stipend og lån til vidaregåande opplæring

## Kven kan få stipend og lån?

Du kan få stipend og lån til vidaregåande opplæring så lenge du har rett til opplæring etter opplæringslova. Du har rett til vidaregåande opplæring i tre år etter ungdomsskolen (eventuelt fleire år dersom utdanninga varer lenger). Du må

- vere teken opp som elev på skolen du søkjer om stipend og lån til. Lærlingar må ha godkjend lærekontrakt
- bruke retten til vidaregåande opplæring i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år ved læretid
- bruke retten før utløpet av det året du fyller 24 år

Dersom du tek vidaregåande utdanning utan å fylle vilkåra ovanfor, gjeld det andre vilkår for stipend og lån. Du kan lese om dei under *Høgare og anna utdanning* på www.lanekassen.no. Er du usikker på kva som gjeld deg, kan du kontakte skolen din.

- **Alle på vidaregåande trinn 2 (Vg2) får stipend til nødvendig utstyr i opplæringa (utstyrsstipend).**
- **Elevar som må bu borte under utdanninga, kan få bustipend.**
- **Elevar som har forsørgjarar med låg inntekt og formue, kan få stipend og lån.**

### Statsborgarskap

Også utanlandske statsborgarar kan ha rett til støtte (stipend og lån), men retten til støtte vil avhenge av kva grunnlag du har fått opphald på i Noreg. For eksempel kan du få støtte dersom ein av foreldra dine er norsk statsborgar, eller ein av foreldra dine har opphalds- og arbeidsløyve. Du kan også få støtte dersom du er politisk flyktning eller har fått opphald av humanitære årsaker. Les meir om reglane for utanlandske statsborgarar på www.lanekassen.no/statsborgarskap.

# Stipend og lån du kan få

Når du fyller ut søknaden, vil du automatisk få dei stipenda du har rett til. Du skal berre ta stilling til om du ønskjer å ta opp lån eller ikkje.

| Type stipend/lån | Maks beløp |
|---|---|
| Grunnstipend | 1 760 kroner per månad |
| Læremiddelstipend til lærlingar og elevar på Vg1 og Vg3 (VKII) | 360 kroner per månad |
| Utstyrsstipend til elevar på Vg2. Beløpa er avhengige av utdanningsprogram | 800, 1 800 eller 2 600 kroner per år |
| Bustipend til bortebuarar | 3 510 kroner per månad |
| Reisestipend | Inga maksimal grense |
| Forsørgjarstipend (for elevar med barn) | 1 320 kroner per månad |
| Lån til heimebuarar | 2 450 kroner per månad |
| Lån til bortebuarar | 1 230 kroner per månad |
| Lån til skolepengar | 21 230 kroner per år |

## Eksempel på maksimalt stipend og lån per skoleår

Du kan bruke støttekalkulatoren på www.lanekassen.no for å rekne ut kor mykje pengar *du* kan få.

| Bustatus | Vg1 og Vg3 (VKII) | | Vg2 | |
|---|---|---|---|---|
| | Heimebuar | Bortebuar | Heimebuar | Bortebuar |
| Grunnstipend | 17 600 kr | 17 600 kr | 17 600 kr | 17 600 kr |
| Læremiddelstipend til Vg1 og Vg3 (VKII) | 3 600 kr | 3 600 kr | 0 kr | 0 kr |
| Utstyrsstipend til Vg2 | 0 kr | 0 kr | 2 600 kr* | 2 600 kr* |
| Bustipend | 0 kr | 35 100 kr | 0 kr | 35 100 kr |
| **Sum stipend** | **21 200 kr** | **56 300 kr** | **20 200 kr** | **55 300 kr** |
| Lån | 24 500 kr | 12 300 kr | 24 500 kr | 12 300 kr |
| **Sum stipend og lån** | **45 700 kr** | **68 600 kr** | **44 700 kr** | **67 600 kr** |

Du kan i tillegg få reisestipend, forsørgjarstipend og lån til skolepengar.

* Utstyrsstipend blir utbetalt med satsane 800, 1 800 eller 2 600 kroner. Kor mykje du kan få, er avhengig av kva utdanningsprogram du tek. Sjå oversikt under «Nytt stipend til alle på vidaregåande trinn 2».

# Dette avgjer kor mykje du kan få

### Inntekta og formuen til forsørgjarane

Læremiddelstipend, grunnstipend og lån er avhengige av inntekta og formuen til forsørgjarane dine. Alt dette blir behovsprøvd mot økonomien til forsørgjarane dine, sjølv om du har fylt 18 år. Vi bruker likninga frå 2005, som vi får direkte frå skatteetaten. På nettstaden vår finn du ei oversikt som viser kor mykje stipend og lån du kan få, avhengig av inntekta og formuen til forsørgjarane.

Har forsørgjarane dine ei vesentleg lågare inntekt i skoleåret 2007–2008, kan Lånekassen ta omsyn til det. Du må i så fall dokumentere den noverande brutto månadsinntekta til forsørgjarane.

### Eiga inntekt

Grunnstipend, læremiddelstipend og forsørgjarstipend blir reduserte dersom du har trygd, pensjon eller lærlinglønn i søknadsperioden. For kvar krone du har i lærlinglønn, trygd eller pensjon, får du 60 øre mindre i stipend. Stipend og lån er ikkje behovsprøvde mot eiga arbeidsinntekt eller eigen formue. Lærlingar kan lese meir på www.lanekassen.no/larling.

### Buforhold

Du kan få bustipend dersom du bur for deg sjølv og oppfyller eitt av desse vilkåra:

- Avstanden mellom foreldreheimen din og skolen er 40 kilometer eller meir.
- Reisetida mellom foreldreheimen din og skolen er tre timar eller meir samla per dag.
- Det er særlege forhold som gjer at du ikkje kan bu heime. Forholda skal vere dokumenterte av for eksempel PP-teneste, sosialkontor, familierådgivingskontor eller psykolog.

# Nytt stipend til alle på vidaregåande trinn 2

Frå skoleåret 2007–2008 får du som er elev i Vg2, gratis lærebøker på skolen. I tillegg får du eit ikkje-behovsprøvd stipend frå Lånekassen som skal bidra til å dekkje utgifter til nødvendig individuelt utstyr som trengst i opplæringa (utstyrsstipend). Du får stipendet med den første utbetalinga. Storleiken på stipendet er avhengig av kva utdanning du tek.

| Utstyrsstipend | 800 kroner | 1 800 kroner | 2 600 kroner |
|---|---|---|---|
| Utdanningsprogram | ▪ Studiespesialisering<br>▪ Musikk, dans og drama<br>▪ Helse- og sosialfag<br>▪ Elektrofag<br>▪ Medier og kommunikasjon<br>▪ Service og samferdsel<br>▪ Heile vidaregåande i utlandet | ▪ Naturbruk<br>▪ Bygg- og anleggsteknikk<br>▪ Teknikk og industriell produksjon | ▪ Idrettsfag<br>▪ Design og handverk<br>▪ Restaurant- og matfag |

Tek du ein del av utdanninga di i utlandet, får du stipend etter same satsen som for den utdanninga du følgjer i Noreg. Vel du å ta heile den vidaregåande opplæringa di i utlandet, får du eit utstyrsstipend på 800 kroner per år.

***Hugs at du må søkje om stipendet!***

## Desse får ikkje utstyrsstipend

Elevar på Vg1 og Vg3 (VKII), og lærlingar på alle årstrinn, får ikkje det nye stipendet. Dei kan få eit behovsprøvd stipend til læremiddel på inntil 360 koner per månad. Frå skoleåret 2008-2009 vil ikkje lærlingar lenger få behovsprøvd læremiddelstipend.

» Bruk støttekalkulatoren på www.lanekassen.no og rekn ut kor mykje stipend og lån du kan få!

www.lanekassen.no

## Slik søkjer du

Elevar i vidaregåande opplæring skal bruke søknadsblankett A, som du får på skolen. Søk så snart du har fått skoleplass.

**Alle på Vg2 får utstyrsstipend, men du må fylle ut og sende inn søknadsblankett A!**

**Søknadsfrist hausten 2007**

- Søknaden må vere kommen inn til Lånekassen innan 15. november 2007.

**Søknadsfrist våren 2008**

- Søknaden må vere kommen inn til Lånekassen innan 15. mars 2008.

## På Dine sider på www.lanekassen.no kan du

- sjekke behandlingstid
- sjekke kor mykje stipend og lån du har fått
- endre kontonummer
- endre postadressa di
- lese brev frå Lånekassen i Di postkasse

Logg inn med fødselsnummeret og PIN-koden din. Har du gløymt koden, kan du bestille ny via Dine sider. Du kan også logge deg inn via Miside på noreg.no. Bruk Kassafonen, telefon 04545 (frå utlandet +47 22 72 45 45), dersom du ikkje har tilgang til Internett.

Få nyttig informasjon på e-post eller SMS! Legg inn mobilnummer og e-postadresse på Dine sider.

Design: Sissel Sandve Illustrasjon: Ray Smith Trykkeri: Stens trykkeri AS Vt 3514N Opplag: 30 000 03.2007